



MØTEPROTOKOLL

Utval:	Kommunestyret
Møtedato:	10.04.2025
Møtetid:	14:30 -17:00
Møtestad:	Kommunehuset, kommunestyresalen

Frammøtte faste medlemmer

Namn	Rolle	Parti	
Erlend Kvamsdal	ordfører	H	
Sigrun Haugsdal Reknes	medlem	H	
Kariann Ekren	medlem	H	
Gunnar Andvik	medlem	H	
Vebjørn Haugsdal	medlem	H	
Bjarte Andvik	medlem	H	
Veronika Hjartholm	medlem	H	
Geir Egil Haugsvær	varaordfører	SP	
Rigmor Søyvik	medlem	SP	
Torill Torsvik Størkersen	medlem	AP	
Ragnvald Tangedal	medlem	AP	
Aina Sleire	medlem	AP	
Ørjan Daae	medlem	FRP	Sak 16 – 25/2025
Svein Bjarte Fredheim	medlem	FRP	
Tove Kristin Sleire Tistel	medlem	V	

Faste medlemmer som ikkje møtte

Namn	Rolle	Parti
------	-------	-------

Mariann Fløtre Andvik	medlem	AP
Stian Sjøvik	medlem	SP

Frammøtte varamedlemmer

Namn	Vara for	Parti
Laila Furebotn	Stian Sjøvik	SP
Marit Bjånes Bjørneklett	Mariann Fløtre Andvik	AP

Følgjande frå administrasjonen møte:

Svein Helge Hofslundsengen	rådmann
Sveinung Toft	assisterande rådmann

Møteprotokoll er publisert på nettsida til kommunen og vert godkjent i neste møte.

Anne Kristin Rafoss

Møtesekretær

Sakliste

Saksnummer	Sakstittel	Unntak frå innsyn
PS 16/2025	Godkjenning av innkalling og saksliste	
PS 17/2025	Godkjenning av møteprotokoll frå kommunestyremøte 20.02.25	
PS 18/2025	Årsmelding kraftfondet 2024	
PS 19/2025	Saldert kraftfondsbudsjett 2025	
PS 20/2025	Kraftmelding pr. 31.12.24	
PS 21/2025	Finansrapportering pr. 31.12.2024	
PS 22/2025	Stordalen skisenter as - vedk. tilskot og forskottering knytt til prosjekt lagerhall	
PS 23/2025	Streaming av kommunestyremøte i Masfjorden kommune	
PS 24/2025	Reguleringsplan for Botneneset - slutthandsaming	
PS 25/2025	Framlegg til flaggreglement for Masfjorden kommune	
PS 26/2025	Referat- og orienteringssaker	
RS 4/2025	Masfjorden - budsjett 2025 og økonomiplan 2025-2028	
RS 5/2025	Møteprotokoll frå Råd for menneske med nedsett funksjonsevne 12.03.25	
RS 6/2025	Møteprotokoll frå Eldrerådet 12.03.25	
RS 7/2025	Møteprotokoll frå Ungdomsrådet 14.02.25	
RS 8/2025	NHO, Invitasjon til kommunen om å delta i Kraftløftet i Vestland	
PS 27/2025	Val av representant til representantskapen Vest brann og redningsregion KO	

Saksprotokoll for Kommunestyret

Handsaming i Kommunestyret - 10.04.2025 av sak 16/2025 Godkjenning av innkalling og saksliste

Vedtak frå Kommunestyret - 10.04.2025 av sak 16/2025 Godkjenning av innkalling og saksliste:

Innkalling og saksliste vert godkjent.

Saksprotokoll for Kommunestyret

Handsaming i Kommunestyret - 10.04.2025 av sak 17/2025 Godkjenning av møteprotokoll frå kommunestyremøte 20.02.25

Vedtak frå Kommunestyret - 10.04.2025 av sak 17/2025 Godkjenning av møteprotokoll frå kommunestyremøte 20.02.25:

Møteprotokoll frå kommunestyremøte 20.02.25 vert godkjent.

Saksprotokoll for Kommunestyret

Handsaming i Kommunestyret - 10.04.2025 av sak 18/2025 Årsmelding kraftfondet 2024

Framlegg til vedtak frå Kraftfondstyret vart samrøystes vedteke.

Vedtak frå Kommunestyret - 10.04.2025 av sak 18/2025 Årsmelding kraftfondet 2024:

Vedtak frå kommunestyret:

Årsmelding kraftfondet 2024 vert teken til vitring.

Saksprotokoll for Kommunestyret

Handsaming i Kommunestyret - 10.04.2025 av sak 19/2025 Saldert kraftfondsbudsjett 2025

Framlegg til vedtak frå Kraftfondstyret vart samrøystes vedteke.

Vedtak frå Kommunestyret - 10.04.2025 av sak 19/2025 Saldert kraftfondsbudsjett 2025:

Vedtak frå kommunestyret:

Kraftfondsbudsjettet 2025 vert saldert slik;

	Budsjett
	2025
Inntekter:	
Påfyll kraftfondet - konsesjonsavgift	-3 200 000
Avdrag utlån frå kraftfondet	-100 000
Rente utlån frå kraftfondet og andre inntekter	-50 000
Unytta pr. 31.12.2024	-930 000
Sum inntekter	-4 280 000
Utgifter:	
Masfjordsambandet - brufond jf. KS 45/12	1 000 000
LVK, regionrådet, m.fl. – tilskot/kontigent 2025	650 000
Arrangement, profilering av kommunen/div	231 000
Næringsarbeid innan kommuneadminstrasjonen	100 000
Elevbedrift/grundercamp	30 000
Bustadforemål	300 000
Prosjekt "Ta fjorden i bruk att"	500 000
Stordalen skisenter as - lagerhall	340 000
Landbruk	79 000
Andre næringstiltak - (GMU med 350.000)	350 000
Etableringstilskot	300 000
Frie fondsmidlar til fordeling	400 000
Sum utgifter	4 280 000

Saksprotokoll for Kommunestyret

Handsaming i Kommunestyret - 10.04.2025 av sak 20/2025 Kraftmelding pr. 31.12.24

Framlegg til vedtak frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

Vedtak frå Kommunestyret - 10.04.2025 av sak 20/2025 Kraftmelding pr. 31.12.24:

Vedtak frå kommunestyret:

Kraftmelding pr. 31.desember 24 vert teken til vitring

Saksprotokoll for Kommunestyret

Handsaming i Kommunestyret - 10.04.2025 av sak 21/2025 Finansrapportering pr. 31.12.2024

Framlegg til vedtak frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

Vedtak frå Kommunestyret - 10.04.2025 av sak 21/2025 Finansrapportering pr. 31.12.2024:

Vedtak frå kommunestyret:

Finansrapport pr. 31.12.2024 vert teken til vitring

Saksprotokoll for Kommunestyret

Handsaming i Kommunestyret - 10.04.2025 av sak 22/2025 Stordalen skisenter as - vedk. tilskot og forskottering knytt til prosjekt lagerhall

Torill Torsvik Størkersen (Ap) og Geir Egil Haugsvær (Sp)) ba om å få habilitetane sine vurdert i sak 22/2025 Stordalen skisenter AS vedk. tilskot og forskottering knytt til prosjekt lagerhall

Veronika Hjarthold (H) ba om å få habiliteten sin vurdert i sak 22/2025 Stordalen skisenter AS vedk. tilskot og forskottering knytt til prosjekt lagerhall

Kommunestyret vurderte habiliteten opp mot forvaltningslova § 6 bokstav e, og kommunelova § 11-10 første ledd om inhabilitet for folkevalde, og vedtok samrøystes at Størkersen og Haugsvær var inhabil sidan dei sit i styret i Stordalen Skisenter mens Hjartholm var habil sidan ho sit i styret i IL Bjørn West.

Torill Torsvik Størkersen og Geir Egil Haugsvær deltok ikkje i den vidare handsaminga av denne saka.

Saka vart drøfta.

Vebjørn Haugsdal (H) sette fram følgjande felles framlegg til vedtak:

1. Masfjorden kommunestyre ynskjer å fylgje opp gjeldande kommunedelplan for idrett ved å få etablert eit servicebygg som ivaretar både brukarane og utstyret ved Stordalen skisenter.
2. Masfjorden kommune er positiv til å få fleire interessentar med som eigarar av skisenteret, og vil ta dette opp på komande Generalforsamling. Masfjorden kommune vil oppretthalde sin eigarpost i Stordalen Skisenter AS
3. Masfjorden kommune vil vere positiv til ei medfinansiering av eit servicebygg som i pkt.1, og vil kome tilbake til dette i revidering av årets budsjett og økonomiplan. Det gjeld også evt. kostnader til prosjektering som skisenteret vil få knytta til dette føremålet.

Framlegg til vedtak sett fram i møtet vart samrøystes (15 røyster) vedteke.

Vedtak frå Kommunestyret - 10.04.2025 av sak 22/2025 Stordalen skisenter as - vedk. tilskot og forskottering knytt til prosjekt lagerhall:

Vedtak frå kommunestyret:

- Masfjorden kommunestyre ynskjer å fylgje opp gjeldande kommunedelplan for idrett ved å få etablert eit servicebygg som ivaretar både brukarane og utstyret ved Stordalen skisenter.
- Masfjorden kommune er positiv til å få fleire interessentar med som eigarar av skisenteret, og vil ta dette opp på komande Generalforsamling. Masfjorden kommune vil oppretthalde sin eigarpost i Stordalen Skisenter AS
- Masfjorden kommune vil vere positiv til ei medfinansiering av eit servicebygg som i pkt.1, og vil kome tilbake til dette i revidering av årets budsjett og økonomiplan. Det gjeld også evt. kostnader til prosjektering som skisenteret vil få knytta til dette føremålet.

Saksprotokoll for Kommunestyret

Handsaming i Kommunestyret - 10.04.2025 av sak 23/2025 Streaming av kommunestyremøte i Masfjorden kommune

Saka vart drøfta.

Tove Kristin Sleire Tistel (V) sette fram følgjande framlegg til vedtak:

- Venstre fremjer forslag om at dei einskilde strøyma kommunestyremøter ligg ute på kommunetv. tilgjengeleg for ålmenta i eit år

Bakgrunnen for forslaget er å bidra til openheit og innsyn

Torill Torsvik Størkersen (Ap) sette fram følgjande framlegg til vedtak:

- Streaming av kommunestyremøta skal liggje ute i min. 1 år.
Streaming av formannskapsmøta skal vurderast på nytt innan utgangen av 2025.

Røysting:

Det vart først røysta over Ap sitt framlegg til vedtak. Ap sitt framlegg fekk 5 røyster (Ap og V) og fall.

Framlegg til vedtak frå formannskapet vart røysta opp mot framlegg til vedtak frå V. Framlegg til vedtak frå formannskapet fekk 12 røyster (H, FrP og Sp) og vart vedteke.

Vedtak frå Kommunestyret - 10.04.2025 av sak 23/2025 Streaming av kommunestyremøte i Masfjorden kommune:

Vedtak frå kommunestyret:

Opptak av streaminga frå kommunestyremøte ligg ute til neste streama kommunestyremøte.

Saksprotokoll for Kommunestyret

Handsaming i Kommunestyret - 10.04.2025 av sak 24/2025 Reguleringsplan for Botneneset - slutthandsaming

Saka vart drøfta.

Torill Torsvik Størkersen (Ap) sette fram følgjande framlegg til verbalpunkt til framlegg til vedtak:

- Bygge ut gang- og sykkelveg ved prosjektstart
- Fartsnedsetting forbi feltet ved etablering
- Auka tilrettelegging og sikring av friluftsområde for barn- og unge
- Infotavler om kulturminne på området.
- Etablering/ ta i bruk området kan avventast til utbygging av den gamle sjukeheimen er avklart eller ferdigstilt.

Det vart sett fram framlegg om gruppeleiar møte og møtet vart heva.

Det vart sett fram eit fellesframlegg til verbalpunkt til framlegg til vedtak:

- Bør vurdere etablering av gang- og sykkelveg ved prosjektstart i samband med Trafikksikringsplanen.
- Arbeide for fartsnedsetting forbi Sandens bustadområde.
- Auka tilrettelegging og sikring av friluftsområde for barn- og unge
- Infotavler om kulturminne på området.

Røysting:

Det vart først røysta over fellesframlegg til verbalpunkt. Fellesframlegg til verbalpunkt vart samrøystes vedteke.

Det vart så røysta over framlegg til vedtak frå formannskapet. Framlegg til vedtak frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

Vedtak frå Kommunestyret - 10.04.2025 av sak 24/2025 Reguleringsplan for Botnaneset - slutthandsaming:

Vedtak frå kommunestyret:

Kommunestyret godkjenner reguleringsplan for Botnaneset i medhald av plan- og bygningslova sin § 12-12.

Det vert vist til vedlagde planskildding, plankart og føresegner av 29.01.2025 og tilhøyrande vedlagde plandokument.

- Bør vurdere etablering av gang- og sykkelveg ved prosjektstart i samband med Trafikksikringsplanen.
- Arbeide for fartsnedsetting forbi Sandens bustadområde.
- Auka tilrettelegging og sikring av friluftsområde for barn- og unge
- Infotavler om kulturminne på området.

Saksprotokoll for Kommunestyret

Handsaming i Kommunestyret - 10.04.2025 av sak 25/2025 Framlegg til flaggreglement for Masfjorden kommune

Saka vart drøfta.

Sigrun Haugsdal Reknes (H) sett fram følgjande framlegg til endring i reglementet:

- Flagget frå andre nasjonar må godkjennast av Rådmannen før dei kan heisast ved kommunale bygg.

Framlegg til vedtak frå formannskapet med endringa frå H vart samrøystes (16 røyster) vedteke.

Vedtak frå Kommunestyret - 10.04.2025 av sak 25/2025 Framlegg til flaggreglement for Masfjorden kommune:

Vedtak frå kommunestyret:

Kommunestyret godkjenner framlegg til flaggreglement for Masfjorden kommune med følgjande endringar:

- Det skal flaggast med regnbogeflagget ved kommunehuset 2. mandag i juni i arbeidstida
- for dei resterande 4 andre kommunale bygga kan det flaggast med regnbogeflagget 2. mandag i juni i arbeidstida
- Det skal flaggast med sameflagget ved kommunehuset 6.februar i arbeidstida
- for dei resterande 4 andre kommunale bygga kan det flaggast med sameflagget 6.februar i arbeidstida
- Flagget frå andre nasjonar må godkjennast av Rådmannen før dei kan heisast ved kommunale bygg.

Saksprotokoll for Kommunestyret

Handsaming i Kommunestyret - 10.04.2025 av sak 26/2025 Referat- og orienteringssaker

Referatsaker:

- Masfjorden - budsjett 2025 og økonomiplan 2025-2028
- Møteprotokoll frå Råd for menneske med nedsett funksjonsevne 12.03.25
- Møteprotokoll frå Eldrerådet 12.03..25
- Møteprotokoll frå Ungdomsrådet 14.02.25
- NHO, Invitasjon til kommunen om å delta i Kraftløftet i Vestland
 - kommunestyret ønskjer å delta i Kraftløftet i Vestland

Vedtak frå Kommunestyret - 10.04.2025 av sak 26/2025 Referat- og orienteringssaker:
Referat- og orienteringssaker vert tekne til vitring.

Saksprotokoll for Kommunestyret

Handsaming i Kommunestyret - 10.04.2025 av sak 27/2025 Val av representant til representantskapen Vest brann og redningsregion KO

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samrøystes (16 røyster) vedteke.

Vedtak frå Kommunestyret - 10.04.2025 av sak 27/2025 Val av representant til representantskapen Vest brann og redningsregion KO:

Vedtak frå kommunestyret:

Representant til representantskapet i Vest brann og redningsregion KO for valbolken 202(3)5 – 2027
vert:

- ordførar Erlend Kvamsdal (H) med varaordførar Geir Egil Haugsvær (Sp) som vara.